



Arkivsaknr: 2024/13183-2
Sakshandsamar: Edvard Feyling Hviding
Avdeling: Plan og analyse

SAKSFRAMLEGG

Uttale - Varsel om oppstart av reguleringsplan - E39 Vågsbotn - Klauvaneset

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	15.01.2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Areal, plan og miljø ser positivt på at arbeidet med reguleringsplan for ny E39 veg på strekninga Vågsbotn - Klauvaneset vert starta opp.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for areal, plan og miljø.

Saka gjeld

Det vert vist til brev datert 09.12.2024 frå Statens Vegvesen, som omhandlar varsel om oppstart av reguleringsplan for ny E39 på strekninga Vågsbotn – Klauvaneset med frist for å kome med uttale sett til 31.01.2025.

Reguleringsplanen tar utgangspunkt i trase for ny E39 fastsett i kommunedelplan vedtatt i 2022. Hensikten med reguleringsplan er å sikre areal til bygging av 4-felt veg med nye kryssløysingar ved Vågsbotn/Birkeland og ved Klauvaneset. Mellom Vågsbotn og Klauvaneset/Tellevik vil ny E39 legges i ca. 5,2 km tunnel.

Reguleringsplanen vil bl.a. også omfatte areal for kollektiv, gåande og syklande i kryssområda, omlegging av lokalveggar og tilkomstveier, områder for framføring av ladningar og kablar, reinseanlegg, vasshandtering og støytiltak. Reguleringsplanen må ta høyde for areal til midlertidige trafikkomleggingar, massehandtering og rigg- og anleggsområde. Sykkelerutene mellom Vågsbotn og Klauvaneset vil fortsett gå via eksisterande vegnett. Utbetringar av sykkelerutene vil gå som egen planprosess.

E39 inngår i hovudvegnettet som binder saman Vestlandet men fungerer også i stor grad som lokalveg med randbebyggelse og mange kryss og avkøyrslar. Dagens veg påverkar nærmiljøet negativt og strekningen er ulykkesutsett. Det er lange køar i rushet og ved handhelser i vegnettet. Det gir også lite forutsigbar framkomst for kollektivtrafikk. Ny E39 vil gi trygg og effektiv framkomst for alle trafikantar langs europavegen, m.a. innebære lågare transportkostnader for næringslivet og forutsigbar framkomst for kollektivreisande. Vegen avlastar dagens veg frå Hordvik til Eikås og bidrar til betre miljø og trafikksikkerheit.

Vurdering

Alver kommune er positive til oppstart av reguleringsarbeidet og bidrar gjerne inn i arbeidet ved behov undervegs i prosessen. Dette er ein viktig plan som vil kople Alver og Bergen betre saman, og løyse fleire av dei mobilitetsrelaterte utfordringane som dagens E39 mellom Vågsbotn og Nordhordlandsbrua inneheld. Vidare er kommunen samd i dei prioriteringar planen legg vekt på, med spesielt vekt på samfunnsmål ein i planen:

1. Det skal legges til rette for et riksveganlegg for E16 Arna-Vågsbotn og E39 Vågsbotn - Klauvaneset som skal knytte Bergen og Nordhordland sammen og være en effektiv, sikker og forutsigbar transportforbindelse i riksvegnettet. Veganlegget skal samtidig avlaste dagens vegnett i Arna og Åsane bydel.

Dagens vegstrekning mellom Vågsbotn og Nordhordlandsbrua inngår både i hovudvegnett på Vestlandet som ei sentral trafikkåre, men fungerer samstundes som lokalveg. Grunna høg ÅDT (årsdøgntrafikk) og låg standard på vegstrekninga er det særskild viktig med ny E39 med forutsigbarheit og betre vegkapasitet i framtidig del av Ringveg aust.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår at areal, plan og miljø gjev sin tilslutning til varsel om oppstart for reguleringsplan E39 Vågsbotn-Klauvaneset

Vedlegg

- 1 E39 Vågsbotn - Klauvaneset Varsel om oppstart av reguleringsplan.PDF
- 2 Varslingsgrense - kart.PDF
- 3 2024-01-08 Samrådsmøte ved oppstart av plan-godkjent.PDF

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven signatur.